



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 20.06.2017

Vår ref.: 2017/2957

Arkivnr.: 461.2

Suldal kommune
Eidsvegen 7
4230 Sand

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Vedtak om endring av løyve for Mosvatnet reinseanlegg

Suldal kommune fekk løyve etter forureiningslova den 25.09.2013, til utslepp av kommunalt avlaupsvatn tilsvarande 4 300 pe frå Mosvatnet reinseanlegg.

Kommunen har no søkt om endring av løyve. Fylkesmannen endrar løyve frå å gjelde 4 300 pe til 990 pe. Suldal kommune blir myndigheit for Mosvatnet reinseanlegg.

Vi viser til korrespondanse i saka i brev av 01.03.2017, 27.03.2017 og 07.04.2017.

Suldal kommune (kommunen) fekk den 25.09.2013 løyve til utslepp av kommunalt avlaupsvatn tilsvarande 4 300 pe frå Mosvatnet reinseanlegg. Løyve set krav om sekundærreinsing i samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 14.

Kommunen søkjer no om endring av løyve. Endringa gjeld reduksjon av tale på pe til < 2000 pe. Denne endringa vil føre til at kommunen sjølv blir forureiningsmyndigheit for anlegget og skal vidare behandlast i samsvar med kapittel 13 i forureiningsforskrifta.

Bakgrunn

Kommunen ser at ei vidare utbygging av ei del nye hytteområde som i utgangspunktet skulle knyte seg til avlaupsanlegget, ikkje kjem til å bli gjennomført.

Første byggetrinn er dimensjonert for 2 200 pe, men pr. i dag er det kun 275 pe som soknar til anlegget. I følge kommunen er det sannsynleg at det vil gå minst 10 år før dette talet kjem opp i 550 pe og kanskje så mykje som 50 – 100 år før talet kjem opp i 2 200 pe.

Kommunen argumenterer med at kostnadane med akkreditert prøvetaking, slik forureiningsforskrifta kapittel 14 set krav om, blir særleg dyrt.

Fylkesmannen si vurdering / grunngeving

Ut i frå dei opplysningane kommunen kjem med om utbyggingstakten og tilknytning til anlegget ser Fylkesmannen at størrelsen på dette anlegget tilseier at avlaupsvatnet skal behandlast i samsvar med kapittel 13 i forureiningsforskrifta og at kommunen blir forureiningsmyndigheit.

Før myndigheita kan overførast til kommunen må Fylkesmannen gjera vedtak om endring av løyve, slik at talet på pe blir < 2 000 pe.

Mosvatnet reinseanlegg er bygd for å reinsa avlaupsvatnet slik det er krav om i kapittel 14, sekundærreinsing. Forureiningsforskrifta kap. 13-7 set krav om at fosformengda skal reduserast med minst 90 % berekna som årleg middelvei av det som blir tilført anlegget. Fylkesmannen vil anbefale at avlaupsvatnet framleis blir reinsa slik kravet er i løyve av 25.09.2013. Dette av omsyn til resipienten, Mosvatnet.

Grensa mellom Fylkesmannen sitt myndigheitsområde og kommunen sitt går ved 2000 pe. Kommunen har difor i sin søknad ynskje om at grensa på belastninga for anlegget blir sett til < 2000 pe.

Forureiningsforskrifta § 13-12 set krav om prøvetaking og talet på prøvar og det heiter i punkt a) at det skal tas 6 prøver pr. år frå avlaupsanlegg < 1 000 pe.

Kommunen seier i søknaden at det vil gå minst 10 år før tale på pe knytt til anlegget blir dobla i forhold til dagens tal (275 pe i dag).

Konklusjon

Fylkesmannen ser at løyve for Mosvatnet reinseanlegg er unødvendig høgt i dag i forhold til kor mange pe som er knytt til anlegget. Suldal kommune si oversikt over vidare utbygging av området rundt Mosvatnet viser at det vil ta lang tid før belastninga på anlegget kjem opp i 1000 pe.

Fylkesmannen endrar difor belastninga i løyve frå 4 300 pe til 990 pe.

Vedtak

Fylkesmannen vedtar med heimel i forureiningslova § 18, endring i løyve 25.09.2013, frå 4 300 pe til 990 pe.

Klage

Vedtaket om endring av løyve kan klagast på til Miljødirektoratet innan 3 veker frå melding om vedtaket er motteke. Klagen skal grunngjevast og sendast til Fylkesmannen i Rogaland.

Gebyr

I vårt brev av 27.03.2017 varsla vi vedtak om at Suldal kommune skal betale gebyr for saksbehandlinga i samsvar med forureiningsforskrifta § 39.

Fylkesmannen har ikkje motteke andre kommentarar til varselet enn at Suldal kommune er klar over at endring av løyve utløyser krav om gebyr.

Vedtak

Med heimel i forureiningsforskrifta § 39-4, vert gebyret sett til sats 6, kr 19 700,-. Gebyret vert kravd inn av Miljødirektoratet.

Klage

Vedtaket om gebyrsats kan klagast på til Miljødirektoratet innan 3 veker frå meldinga om vedtaket er motteke, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Klagen skal grunngjevast og sendast til Fylkesmannen i Rogaland.

Vidare saksgang

Saka blir no lagt ut til offentleg høyring på www.fylkesmannen/rogaland.no under «Miljø og klima» og «Høyringar». Suldal kommune må sjølv syte for at saka blir lagt ut på dei rette kanalar hos seg.

Fylkesmannen vil overføre forureiningsmyndigheita for dette løyve etter at klagefristen for vedtaket er ute. Suldal kommune må då sjølv endre løyve i eit formelt vedtak slik at dette blir gyldig i samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 13.

Når belastninga på anlegget nærmar seg 2 000 pe, må Fylkesmannen få melding om det. Det skal då vurderast når nytt løyve frå Fylkesmannen skal utarbeidast.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen
ass. fylkesmiljøvernsjef

Mariann Størksen
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Mariann Størksen
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 06
E-post: fmrosto@fylkesmannen.no